

BØ SPAREBANK



Årsmelding og rekneskap 2009

ÅRSMELDING FRÅ STYRET FOR REKNESKAPSÅRET 2009

INNLEIING

Verksemnd og marknad

Bø Sparebank er ein sjølveigande sparebank stifta i 1852 i Bø Kommune. Lokalmarknaden er Bø kommune og Midt-Telemark. Banken har sitt hovudkontor i Bø sentrum og har ikkje nokon filial.

Banken har definert verdiar og visjon for verksemda.

- Bø Sparebank sine verdiar er ; truverdig, nær og tilgjengeleg.
- Visjonen er å vere kunden sitt beste val.

VIKTIGE HENDINGAR I 2009

Norsk økonomi generelt

Vi starta året midt oppe i ei internasjonal finanskrisse. For å motvirke denne heldt Noregs Bank fram med å senke styringsrenta i første halvår 2009. Ved inngangen til året var styringsrenta 3 %. Fram til juni senka sentralbanken renta med 0,5 % tre gonger, og 0,25 % ein gong. Over sommaren hadde vi såleis rekordlåg styringsrente med 1,25 %.

Frå desember 2008 til sommaren 2009 senka Noregs Bank styringsrenta samla med 3,5 %. Vurderingane frå sentralbanken var basera på signal frå norsk, og ikkje minst internasjonal økonomi. I ettertid må ein si at Noreg vart råka langt mindre av Finanskrisa enn det vi frykta. Tiltak frå Noregs Bank og myndighetene var viktige for å dempe verknadene. Det vart sett i verk ein del økonomiske tiltak, og stilt til rådvelde midlar med tanke på å stimulere næringslivet. Usikkerheit og mangel på tillit i finansbransjen gjorde at kreditmarknaden tørka inn, og påslaga i lånemarknaden auka kraftig. Bø Sparebank tok opp eit obligasjonslån i februar med ein påslag på 200 punkt til Nibor. På slutten av året tok vi opp tilsvarande lån til ein påslag på 60 punkt til Nibor. Optimisme og tillit betra seg jamt utover i året. Noregs Bank og myndighetene har fasa ut ein del av dei strakstiltak dei sette inn, og situasjonen er i ferd med å stabilisere seg. Ute i verden er det framleis fleire land der problema på langt nær er løyste, og vi kan vente tilbakeslag i verdsøkonomien som følge at nye land får store økonomiske utfordringar. Finanskrisa råka Noreg langt mildare enn mange andre land. Det vart ikkje så stor arbeidsløyse som frykta, og den låge renta sette ny fart i forbruk og norsk økonomi.

Frå oktober har Noregs Bank heva renta med 0,25 % to gonger. Bankane følgde ikkje opp med å endre rentene til sine kundar. Først på nyåret er det varsle endringar. Stor konkurranse om privatkundane er nok årsak til dette. Nye vektingsreglar av gode bustadlån slår gunstig ut på kapitaldekninga. Gjennom året har risikoprising av lån til næringsformål fått meir fokus i bankane. Generelt har tilgang på lån med risiko til næringslivet også blitt redusera. Utsiktene til meir tap, høgare kostnader og usikker tilgang på kapital gjorde at bankane blei meir forsiktige.

Oslo Børs hadde eit kraftig fall med 54,1 % gjennom 2008. På slutten av året var alt usikkert, og heile verda var redd for ein kraftig økonomisk tilbakegang. Internasjonalt samarbeid, og mange individuelle tiltak verda over for å møte nedgangen gav resultat. Noreg kom nok betre ut av denne krisa enn mange andre, og vi fekk eit jubelår på Oslo Børs i 2009 med ein auke på heile 64,8 %. Dette året blei det beste sidan totalindeksen vart innført i 1983.

Årsmelding 2009 – Bø Sparebank

Frå mars og mot nyttår gjekk det nesten bare oppover, og indeksen steig frå under 200 poeng til over 370 poeng ved slutten av året.

Oljeprisen var nede på om lag 40 USD pr. fat ved inngangen til året, men frå i sommar har den igjen vore oppe i 70 -80 USD pr. fat. For norsk økonomi er dette sjølv sagt svært viktig.

Bustadmarknaden har tatt seg kraftig opp igjen gjennom 2009. Generelt visar statistikken at ein har ein prisvekst på over 10 % dette året.

Arbeidsløysa er relativt stabil gjennom heile året, og ligg mot slutten av året på vel 3 %. Sett i høve til tidleg 2008 er dette ein auke på vel 0,5 %.

Bø Sparebank

Konkuransen i lokalmarknaden i Bø er stor med 4 reine bankkontor, og i tillegg Posten. Sjølv om rentenettoen er pressa, har Bø Sparebank også i 2009 klart seg svært godt i denne marknadssituasjonen.

- Forvaltningskapitalen steig med 5,3 %.
- Innskota auka med 2,7 %.
- Utlåna auka med 4,1 %.
- Innskot frå kundar utgjer no 73 % av utlån til kundar i Bø Sparebank.
- Ved årsskifte hadde vi 6610 kundar, ein auke på 95 i året 2009.


Banken har stort fokus på trygg likviditet. Vi sikra oss nytt lån tidleg i 2009 for å kunne innfri obligasjonslån som hadde forfall i året. Det same har vi gjort i år, og tilstrekkeleg kapital er på plass for å møte forfall i 2010. Generelt har vi hatt ein stabil auke i tilgang på nye kundar, og trass i stor konkurranse er avgangen på kundar svært liten.

STYRET SINE KOMMENTARAR TIL ÅRSREKNESKAPEN

Generelt til resultatrekneskapen

Styret er godt nøgd med underliggende bankdrift i året. Auka volum, men lågare rentenetto gjer at netto renteinntekter er om lag som i 2008. I årets renteinntekter ligg og ca. 1 mill. kr. i avkastning på ein renteswaap som må sjåast på som ekstraordinær inntekt dette året.

Rentenettoen ved årsskifte visar ein kraftig nedgang gjennom året. Den var 2,10 %, mot 2,24 % ved førre årsskifte. I budsjett for 2010 reknar vi med at fall i rentenetto vil halde fram.



Utbytte frå verdipapir visar eit kraftig reduksjon i 2009. Ein vesentleg årsak til dette er at Terra Gruppa ikkje dela ut utbytte frå rekneskapsåret 2008.

Provisjonsinntekter vart redusera med om lag 0,5 mill. kr. frå sist år. Bakgrunnen til dette ligg i auka bruk av automatiserte banktenester. Vi legg vekt på breidde i kundesamtalen, og sal på kunden sine behov. Kampanjesal gjev nok meir provisjon på kort sikt, men vi trur langsiktig arbeid vil gje betre resultat på sikt. Av gebyr- og provisjonsinntektene til banken kjem ein vesentleg del frå sal av skadeforsikring.

Provisjonskostnadene er stabile. Interbankgebyret er blitt redusert. Meir bruk av kort ved betaling og uttak i butikk har redusera transaksjonar i minibank.

Porteføljen av verdipapir blei skrive ned med vel 5,1 mill. kr. i 2008. Gjennom året 2009 har ein skrive denne opp med vel 4 mill. kr. Resultatmessig ei betring på vel 9,1 mill. kr.

Gevinst ved sal av aksjar og verdipapir er bokført med nesten 0,5 mill. kr. Vi har ei svært lite handelsportefølje, og lite fokus på dette området. Frå 2010 har styret vedteke at vi set bort kapitalforvaltninga vår, og vi har gjort avtale med Terra Kapitalforvaltning AS.

Valuta er eit område vi har med tanke på service ovanfor våre kundar. Vi tilpassar volum slik at ein har minst mogleg valutarisiko. Også i 2009 går ein ut med positiv agio, men mindre enn dei to siste åra.

Andre driftsinntekter er bokført med nær 0,8 mill. kr. Dette er i stor grad ekstraordinære inntekter dette året, samt inntektsføring av tidlegare avsetningar.

Lønns og personalkostnader viser ein auke med 0,750 mill.kr.

Administrasjonskostnader viser ein nedgang med om lag 0,6 mill. kr. Årsak til dette ligg vesentleg i at vi i 2008 hadde ein del ekstrakostnader i samband med ombygging av lokale. Vidare er det ein liten nedgang i datakostnader.

Avskrivningar er reduserte med vel 1,1 mill. kr. Bakgrunnen for dette er at kostnadene ved skifte av datasentral vart ferdig nedskrive i 2008.

Andre driftskostnader viser ein auke med 0,2 mill. kr.

Tap på utlån og garantiar er bokført med vel 5,5 mill. kr., mot vel 4,6 mill. kr. i 2008.

Gjeldande forskrifter er lagt til grunn for våre vurderinger.

Finanskrise og mykje usikkerheit i økonomien har råka alle, og 2009 har vore krevjande for mange næringskundar. Det er registrert langt fleire konkursar i 2009 enn tidlegare år.

Det har og vore behov for å tilføre kundar likviditet. Desse kundane har vi hatt tett oppføljing og god kommunikasjon med. Elles har vi spesielt følgd opp dei største kundane.


På privatmarknaden har vi sett svært lite problem.

Av årets tapskostnad utgjer ca. 1,2 mill.kr. konstaterte tap.

Med årets nedskrivningar for tap meiner vi at vi har svært gode avsetnader.

Varsel om därlegare etterspurnad og resultatutvikling, permitteringar og lågare verdi på panteobjekt er objektive hendingar vi har lagt til grunn for våre vurderinger både for 2009, og i budsjettet for 2010. For 2010 har ein budsjettert med ein tapskostnad på 0,30 %. Dette har vi også gjort ut frå at vi forventar større fokus frå tilsynsmyndighetane på avdekking og nedskrivningar for å møte tap framover. Vårt budsjett er vel det ein over tid kan sjå som ein normalsituasjon når det gjeld tap på utlån.

Årsmelding 2009 – Bø Sparebank



Kostnader i prosent av forvaltning var 1,29 % mot 1,43 % sist år.

Personalkostnadene utgjorde 0,65 % av gjennomsnittleg forvaltning, mot 0,64 % sist år.

Kostnader i prosent av inntekter var 54,22 %, mot 54,27 % sist år.

Styret er godt nøgd med denne utviklinga.

Årets overskot før skatt er kr. 17.861.935, eller 1,05 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Etter årets skattekostnad på kr. 5.208.847 disponerer vi kr. 12.653.088.

Årets overskot disponerast slik ;

Overført frå gavefond	kr. 200.000
Overført til gaver	kr. 500.000
Overført sparebanken sitt fond	kr. 12.353.088
Sum disponert	kr. 12.653.088

Resultatrekneskap i mill. kr. og utvikling dei siste åra;

	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003
Netto renteinntekter	35,8	35,7	29,6	28,0	26,6	27,3	27,0
Netto andre dr. inntekter	9,4	1,2	3,8	7,5	5,5	5,1	5,0
Sum driftskostnader	21,9	22,7	21,7	21,9	19,4	16,7	17,2
Tap/nedskriving.	5,4	8,0	1,1	+1,6	+0,7	2,5	3,5
Ordinært driftsres.	17,9	6,2	10,6	15,2	13,4	13,2	11,3
Skatt	5,2	2,7	2,9	3,5	3,7	4,1	3,2
Resultat etter skatt	12,7	3,5	7,7	11,7	9,7	9,1	8,0

Generelt til balansen ;

Forvaltningskapitalen ved utgangen av året er kr. 1.744.189.431
Dette er ein auke med kr. 87.735.107, eller 5,3 % i 2009.

Utlån til kundar utgjer ved utgangen av året kr. 1.538.374.480
Dette er ein auke på kr. 61.301.644, eller 4,1 %.

Innskot frå kundar utgjer ved utgangen av året kr. 1.124.916.310 .
Dette er ein auke på kr. 29.663.391, eller 2,7 %.

Balansetal i mill. kr. ;

	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003
Forvaltningskap.	1.744,5	1.656,5	1.535,5	1.299,5	1174,4	1.072,5	974,5
Utlån	1.538,4	1.477,1	1.341,1	1.106,0	1.023,0	949,0	827,8
Innskot	1.124,9	1.095,3	1.032,4	844,0	725,2	689,5	600,9
Eigenkapital	158,2	146,1	142,8	135,3	120,3	110,8	101,9

Porteføljen av garantiar er pr. årsskifte om lag 22,3 mill. kr.

Bø Sparebank – utvikling forvaltning i mill. kr. mot årsverk pr. 3112 i året

	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001	2000
Forvaltning	1744	1656	1535	1299	1174	1072	974	925	898	830
Årsverk	17,0	16,8	16,6	16,6	17,1	17,7	17,7	17,7	18,2	17,2
Forv./ årsverk.	102,6	98,6	92,4	78,2	86,2	60,6	55,0	52,3	49,3	48,2


Oversikten viser korleis tekniske hjelpemiddel og automatiserte løysingar har gjort det mogleg å klare stor vekst utan vesentleg auke i bemanning.

Eignelutar

Vi har fokus på trygg likviditet og er opptatt av å ha rammer for å møte behov på kort og lang sikt. Kontantbeholdning, innskot i DnBNOR og Noregs Bank gjev rammer for å dekke likviditetsbehov til ei kvar tid. Trekkrammer i tillegg på 100 mill. kr. er meint som reserve.

Utlån er bokført til brutto verdi. Auke i kasse, drifts og brukskredittar gjeld stort sett flexi-lån. Dette er lån til solide kundar på privatmarknaden innanfor 60 % av marknadsverdi på panteobjektet.

Av total utlånsmasse er om lag 76,2 % privatmarknad og 23,8 % bedriftsmarknad. Ein svært liten del av utlånsporteføljen er fastrentelån. Fastrenteportefølje blir i stor grad sikra mot renterisiko ved renteswaaper. Retningsliner for kreditverksemda er samla i banken si kreditthandbok.



Nedskriving for tap på utlån og garantiar utgjer ved årsskiftet kr. 19.555.000. Dei fordelar seg med kr. 7.855.000 i individuelle nedskrivingar, og kr. 11.700.000 i gruppenedskrivingar. Samla nedskriving utgjer 1,27 % av utlånsmassen.

Engasjement både på bedriftsmarknaden og privatmarknaden blir risikoklassifisert. Administrasjonen følgjer opp tapsutsette engasjement. Kvartalsvis blir individuelle nedskrivingar og gruppenedskrivingar vurdert. Styret meiner at nedskrivingane er tilstrekkelege i høve til vurdert kreditrisiko. Vi meiner å ha tatt høgde for utsikter til lågare økonomisk utvikling og større risiko for tap blant våre kundar framover.


Sertifikat og obligasjonar definert som omløpsmidlar er konservativt plassert stort sett i bank og offentleg verksmed. Desse er verdsett til marknadsverdi/likningsverdi ved årsskifte i balansen. Frå 1. februar 2010 er vår portefølje sett bort til Terra Kapitalforvaltning AS til aktiv forvaltning. Det er oppretta avtale omkring mandat og risikoprofil. Denne følgjer dei retningsliner vi har hatt over lengre tid.

Aksjar og eigarandelbevis mv. er klassifisera som anleggsmidlar, og verdsett til kurs/likningsverdi ved årsskiftet.

Bøgata 69 AS er heileigd av Bø Sparebank, og bokført som eigarinteresse i konsernrekneskap. Bøgata 69 AS eig igjen eigedomsselskapet Bøgata 77 AS. Bøgata 69 AS er bankbygget som leiger ut lokale til banken og ein del andre langsiktige leidgetakrar. Bøgata 77 AS består av ei sentral nabotomt i Bø, som for tida blir nytta til parkeringsareal for Bøgata 69. I rekneskapen er aksjane ført til kostpris. Ut frå ei marknadsvurdering basera på kapitalisering (til dømes x 8) av årlege leigeinntekter, samt ei forsiktig vurdering av tomteverdi ut frå historisk marknad sentralt i Bø, vil marknadsverdi på eigedommane ligge godt over bokført verdi. Det blir ikkje ført konsernrekneskap, da eventuelle inntekter frå eigedomsselskapet er uvesentlege i høve til bankrekneskapet.

Gjeld og eigenkapital


Innskot frå kundar utgjer 73 % av utlån til kundar. Innskota er spreidd på mange innskytarar. Ein ønskjer prinsipielt ikkje svært store innskot frå enkeltkundar av omsyn til risiko ved uttak. Dei større innskotskundane har vi rutine for å følgje spesielt opp.



Vi har auka obligasjonsgjelda med 25 mill. kr. gjennom 2009. Dette er midlertidig. Før jul avtala vi nytt obligasjonslån for å møte refinansiering i 2010. Vi tok ut 50 mill. kr. av dette, og nedbetala 25 mill. kr. på eksisterande lån. Nokre større byggelån gjennom vinteren vil gje oss midlertidig noko større likviditetsbehov. Gjeld til kreditinstitusjonar og obligasjonsgjeld har vi politikk for å spreie på ulike långjevarar med balansera forfallsstruktur og storleik. Alle lån er basera på marknadsrente med avtala påslag med stort sett kvartalsvis endring. Banken har ikkje hatt problem med å få nye lån i marknaden, men påslaget har vore mykje høgare enn normalt i marknaden. Dette vil påverke vår rentenetto i heile lánets løpetid. Vi har låneforfall på 2 obligasjonslån/lån med til saman 100 mill. kr. i 2010. Ved årsskiftet hadde vi ein likviditetsindikator 1 på 107 %. Denne er prega av forfall på obligasjonslån i 2010. Denne refinansieringa er sikra. Banken har klare retningsliner og politikk for likviditetsstyring, som nå er samla i eige dokument.

Ansvarleg kapital og eigenkapital

I 2007 tok vi opp ein fondsobligasjon på 35 mill. kr. Renta på denne har ein margin på 1,20 % til marknadsrenta Nibor. Med overskot for 2009 er banken sin bokførte eigenkapital kr. 158.212.576. Dette er ein auke på 8,9 % frå sist år. Eigenkapitalen svarar til 9,1 % av banken sin forvaltningskapital. Banken sin eigenkapital er definert som kjernekapital. Legg ein til tapsavsetninga på omlag 19,5 mill. kr., har banken ein samla kapital på omlag 177,7 mill. kr. som ikkje er renteberande. Kapitaldekninga utgjer etter gjeldande forskrifter 16,94 % (16,48 % i 2008), medan minstekravet er 8 %. Kjernekapitaldekninga er 16,73 %.



Nye samarbeidsavtaler på økonomiområdet

Frå sommaren 2009 har Bø Sparebank hatt eit samarbeid med Terra Økonomiservice omkring rekneskap og rapportering. Samarbeidet bygger på ei avtale om arbeidsfordeling på økonomiområdet. Dette årsoppgjerset samt halvåret som er gått brukar ein til å bli kjent og finne gode samarbeidsformer og rapporteringsrutinar.

Frå februar 2010 skal Terra Kapitalforvaltning aktivt forvalte Bø Sparebank si verdipapirportefølje etter ei avtale omkring eksponering, risiko, likviditet mv. Styret har ved vurdering av desse avtalene lagt vekt på at dette er tunge og kompetansekrevjande område, der det er vanskeleg for ein liten bank å ha tilstrekkeleg dobbelkompetanse i tilfelle sjukdom mv. I tillegg forventar ein at selskapa innan Terra Gruppa bygger seg opp god kompetanse og gode og effektive rutinar til gode for bankane. Dei blir på denne måten ein god samarbeidspartner for økonomiansvarleg, og avlastar ein for rapporteringsoppgåver mv. Dette frigjev tid til anna viktig arbeide.


Litt om marknad, samarbeid og kundar

I bygda Bø, der det bur om lag 5.500 menneske, har DnBNOR, Sparebanken Sør, Sparebank 1 Telemark og Posten avdelingskontor i tillegg til Bø Sparebank. Konkurransen i Bø og Midt Telemark, som er Bø Sparebank sitt lokalområde er dermed stor. I nabobygdene er lokale sparebankar innanfor Terra Gruppen lokalisert. I tillegg til lokalmarknaden følger Bø Sparebank derfor opp privatkundar som etablerar seg andre stader i landet. Når det gjeld næringsliv er lokalmarknaden vårt nedslagsfelt.

Bø Sparebank har klara seg godt i den nye konkurancesituasjonen, med svært god vekst i kundemasje og forvaltning. Banken satsar på høg servicegrad og gode og konkuransedyktige produkter.

Saman med 77 andre sparebankar har Bø Sparebank eit strategisk eigarskap i Terra Gruppen AS. Selskapet utviklar og leverer ulike produkt som dei lokale bankane formidlar sine kundar. Samarbeidet omfattar også innkjøpssamarbeid, dataløysningar og felles bankpolitisk arbeid. Dei siste tre åra har bankane i Terra Gruppen gjennomført same individuelle kundeundersøkingar. Jamt over har Terra bankane svært fornøgde kundar. Bø Sparebank scorar høgt både på lojalitet og fornøgde kundar.

Saman med Holla og Lunde Sparebank og eigedomsmeklar Berit Seltveit Dale eig Bø Sparebank Terra Eiendomsmegling Midt Telemark AS. Selskapet har også ei samarbeidsavtale med Seljord Sparebank. Formålet med eigarskapet er å ha eit tilbod til våre kundar på eigedomsmekling, samt skape synergiar for verksemndene. Selskapet hadde ein dårleg vår, men aktiviteten tok seg kraftig opp og ein og fekk eit godt resultat.



Figuren under visar korleis utlånsmassen til Bø Sparebank fordelar seg geografisk i mill. kr.. Prosentvis fordeler utlånsmassa seg med om lag 59 % i Bø, 8 % i Sauherad, 10 % på øvrige kommunar i Telemark, 11 % i Oslo og 12 % på øvrige kommuner i Norge.

Sponsoravtaler, gåver og prisar

Bø Sparebank har i året 2009 hatt samarbeidsavtaler / sponsoravtaler med lag og organisasjonar i Bø med kr. 200.000. Det er dela ut gåvemidlar med kr. 450.000. I tillegg til dette er det bruka kr. 37.000 til annonsering for lag og organisjonar, kr. 57.000 på arrangement som kjem lag, kundegrupper og foreiningar i banken sitt verkeområde til gode. Som eit alternativ til julegåver til kundar og forbindelsar frå banken, fekk "Hallo Venn" ein sjekk på kr. 10.000 til jul.

Solvor og Jan Helge Folkestad fekk "Byggeskikkprisen 2009" som banken saman med Bø Museum delar ut.

STYRET SINE RISIKOVURDERINGAR

Generelt / Internkontroll

Verksemda i banken bygger på ulike finansielle transaksjonar. Det vil vere knytt ulike former for risiko til den daglege drifta av banken. Styret har som ei sentral arbeidsoppgåve å halde kontroll med denne risikoen, ved at det er lagt opp til rutinar for identifisering, kontroll og styring av finansielle risikosituasjoner som oppstår.

Det blir årleg oppdatera balansestyringsdokument for 5 viktige risikoområde i banken ;

- Driftsmidlar
- Verdipapir
- Kundeinnskot
- Likviditet
- Utlån

Dokumenta analyserer og stadfester retningsliner og tiltak omkring strategisk risiko, likviditetsrisiko, kredittrisiko, renterisiko, behandlingsrisiko og misleghaldsrisiko.

Det er utarbeidd ei risikomatrise for viktige område innanfor desse hovudområda som administrasjonen går gjennom minst ein gong pr. år, og rapporterer vidare.

Strategidokument som er utarbeidd, evaluerast og oppdaterast årleg. Ein set opp fokusområde for kvart år.

Banken har tilpassa seg nye retningsliner i Basel II regelverket. Det er utarbeidd ein del nye styringsdokument tilpassa dette i tillegg til oppdatering av det vi har frå før. Styret si rolle i samband med risikostyring har blitt ennå meir fokusert, og det er lagt opp til nye rapportar og faste rapporteringstidspunkt.

Basel II regelverket er dela inn i 3 "pilarar" ;

Pilar 1

Pilar 1 omhandlar minstekrav til kapitaldekning og er ei vidareutvikling av det tidligare kapitaldekningsregelverket, Basel I. Kapitalkravet er på 8 % av grunnlaget for kapitaldekning. Bø Sparebank er solid, og har for eigen del sett som målsetjing å halde kapitaldekninga over 14 %.

Pilar 2

Pilar 2 er basera på to hovedprinsipp. Banken skal ha ein prosess for å vurdere sin totale kapital i forhold til risikoprofil, og ein strategi for å oppretthalde sitt kapitalnivå. Det er viktig at dette er ein prosess der administrasjonen og styret arbeider saman. Prosessen og resultatet skal dokumenterast, og Finanstilsynet skal føre tilsyn med arbeidet. Styret i Bø Sparebank gjennomførte denne prosessen (ICAAP) første gong i 2008. I 2009 har tilsvarande prosess vore på styrekartet over fleire møte. Styret si vurdering er at banken har ein tilleggskapital etter stresstesten som er tilstrekkeleg til å møte definert risiko og utfordringar framover.

Pilar 3

Formålet med pilar 3 er å supplere minimumskrava i pilar 1 og ei tilsynsmessig oppfølging i pilar 2. Pilar 3 skal bidra til auka marknadsdisiplin gjennom krav til å gjere informasjon som er viktig for å kunne vurdere verksemda sin soliditet offentleg.

Det skal vera mogleg for marknaden og investorar å vurdere institusjonen sin risikoprofil og kapitalisering, samt styring og kontroll. Bø Sparebank har ikkje offentleggjort pillar 3 rapport i 2009, men vil gjere det etter årsoppgjøret for 2009.

Ulike risikoområde

Kredittrisiko

Risiko for tap i samband med at kundar eller andre motpartar ikkje kan gjere opp for seg ved forfall, og at sikkerhetar ikkje dekker uteståande krav.

Balansestyringsdokument utlån, kreditthandbok og fullmaktsskjema fastset retningslinjer for styring med utlån og kreditt. Styret mottek månadleg rapport over lån som er gitt sist månad. Kvartalsvis blir overtrekk og restanselister framlagt, samt oversikt og vurdering av tapsutsette engasjement. Dei 20 største låneengasjement blir spesielt rapportert minst ein gong årleg. På næringslivengasjement, der risikoen historisk er størst, opererer vi i ein kjent marknad. Lokalkunnskap og tett oppfølging av utsette engasjement reduserer kredittrisikoen. Styret meiner å ha god kontroll med kredittrisikoen til banken.

Likviditetsrisiko

Risiko for at banken ikkje har tilstrekkeleg likviditet på det tidspunkt da ein har avtale om å gjere opp eigne lån mv.

Balansestyringsdokumentet og eige dokument for likviditetsstyring legg grunnlag for rammer, retningslinjer og rapportering av likviditet. Det er eige fullmaksreglement for kjøp av verdipapir. Likviditetssituasjonen blir rapportert styret månadleg saman med rekneskap. Kvartalsvis får styret ein meir omfattande rapport omkring forfall, likviditetsindikator mv. Banken har trekkrettar på til saman 100 mill. kr. som står som reserve. Storleik på kvart einskild lån, og spreiing av forfall skal redusere likviditetsrisikoen. Styret meiner ein har god kontroll med likviditetsrisikoen.

Marknadsrisiko

Risiko for at marknadsverdien på banken sine verdipapir eller andre eigedelar fører til tap som følgje av kursfall, renteutvikling, endring i valutakurs, råvarerepris mv.

Banken har retningslinjer for ein forsiktig og konservativ politikk når det gjeld plassering i verdipapir. Minimalisering av risiko for tap går føre krav til avkastning. Aktivitet og portefølje ut over nødvendig plassering av overskotslikviditet er minimal. Banken vurderar investeringar i obligasjonar og sertifikat som omløpsmidlar. Dei blir bokført til lågaste verdi av kostpris eller marknadspris. Som eit utgangspunkt ønskjer ein å halde på desse verdipapira til forfall og vil da få igjen kostpris. Aksjar og aksjefond blir vurdert som anleggsmiddel, og blir bokført til lågaste verdi av kostpris og marknadspris.

Det er laga konkret avtale med Terra Kapitalforvaltning med basis i plasseringspolitikk og retningslinene over.

Renterisiko

Renterisiko oppstår i samband med banken si utlåns- og innlånsverksemd og i tilknyting til aktivitetar i den norske og internasjonale penge- og kapitalmarknaden. Renterisiko er eit resultat av at rentebindingstida for banken si aktiva- og passivaside (i og utanfor balansen) ikkje er samanfallande.

Renterisiko styrer ein ved at utlån og innskotsrenter blir tilpassa kvarandre. Grunnlag for vår fastsetjing er marknadsrenta 3 månader Nibor og styringsrenta til Noregs Bank, samt marknaden rundt oss. Vi har ei kontoform som følgjer 3 månader Nibor dag til dag. Her har det vore ein viss renterisiko da Finansavtaleloven fastset varslingsfrist på dei fleste lån og innskot. Vi har vurdera risikoen som akseptabel, men har fokus på tiltak for i større grad å redusere renterisiko her vidare. Gjennom 2009 har mange større innskot blitt overført særvilkår med 7 dagar varslingsfrist og oppseiingsfrist.

Operasjonell risiko

Risiko for tap som følgje av svikt i interne prosessar. Det kan være manglande rutinar, menneskeleg svikt, svikt i IT system, kontrollrutinar, fysisk sikkerheit, juridisk sikkerheit, omdøme, forvaltning og dagleg drift.

Retningsliner, gode rutinar, førebyggjande tiltak og kontroll med ulike prosessar skal minimalisere risikoen for tap og uheldige situasjonar i dagleg drift. Styret meiner at det så langt råd er god kontroll med den operasjonelle risikoen i banken, og at risikoen for vesentlege tap som følgje av dette er låg.

Strategisk risiko

Risiko for uventa tap, auka kostnader eller sviktande inntening i høve til dei prognosene som er utarbeidd for dei strategiske val banken har tatt og vil ta med omsyn til vidare drift framover. Risikoen kan ligge i eigne val som blir gjort, eller som følgje av endringar og hendingar i ein marknad vi ikkje er herre over, men som påverkar oss negativt.


Styret utarbeider strategidokument, og evaluerer det årleg. I dette arbeidet vurderar ein ulike konsekvensar av det val ein har gjort og nye val ein gjer. I nokre tilfelle må ein kalkulere inn risiko for hendingar som kan påverke våre val negativt i høve til våre prognosene. Styret legg da vekt på rapportering og kontroll med den risiko som er kjent. Gode risikomarginar blir lagt inn for å møte generell usikkerheit. Strategisk risiko er det og i å ikkje gjere val, for å møte utfordringar i framtida. Styret i Bø Sparebank har vurdera ein del hendingar utanfor vår organisasjon som kan medføre strategisk risiko for banken framover. I nokre tilfelle kan ein møte desse med å ha tilstrekkeleg tilleggskapital, i andre tilfelle må ein posisjonere seg for desse med ulike tiltak. Styret i Bø Sparebank meiner at ein gjennom eigne vurderingar, avtaler og gjennomførte tiltak har tilfredstillande kontroll med strategisk risiko.

STYRET SITT FORSLAG TIL DISPONERING AV ÅRETS OVERSKOT

Styret rår til at overskotet for året kr. 12.653.088 blir disponert som følgjer ;	
Overførast banken sitt fond	kr. 12.353.088
Overført frå gåvefondet	kr. 200.000
Avsetning til gåver	kr. 500.000

Av samla sum til gåver, der kr. 200.000 er disponera i 2009 av forstanderskapet, gjer styret framlegg om at kr. 250.000 blir disponert av gåvenemnda, og at kr. 50.000 blir disponert av styret til gåveutdeling.

Årsmelding 2009 – Bø Sparebank



LOVPÅLAGT TILLEGGSINFORMASJON

Ved årsskiftet var det 19 fast tilsette i bankdrifta, 13 kvinner og 6 menn. Av desse er 5 kvinner på deltid. Totalt er det 17,4 årsverk fast tilsett i bankdrifta. Av desse er 0,4 årsverk i permisjon, slik at det er 17 effektive årsverk ved nyttår.

Personalet i banken er lønna ut frå stilling dei innehavar og banken si lønnsnormering. Både ved val av tillitsmenn og tilsetjing av nye medarbeidarar legg ein vekt på likestilling mellom mann og kvinne.

Bø Sparebank driv verksemda si frå hovudkontoret i Bø. Banken har ikkje nokon filial. Ein leiger kontor i Bøgata 69 AS, som er eit heileigd datterselskap av banken. Datterselskapet driv si verksemد med uvesentleg resultatverknad for banken. Det blir ikkje ført konsernrekneskap, da resultatet frå datterselskapet er heilt uvesentleg i høve til banken si drift og resultat elles.

Ein har eit godt arbeidsmiljø i banken. Banken har funksjonelle lokale, og gode arbeidsplassar for dei tilsette. Dei tilsette er medlemmer og har faste legeundersøkingar på Oseberg Medisinske Senter annakvar år. Banken har lagt opp til å motivere dei tilsette til fysisk aktivitet på fritida ved tilgang til treningscenter og trimrom, samt symjehall.

Det er ikkje registrert skader som følge av arbeidssituasjonen. Sjukefråveret i 2009 blant fast tilsette i bankdrifta var 85 dagsverk. Dette utgjorde totalt om lag 2,15 % av total arbeidstid. Egenmeldingar utgjorde 29 dv. og sjukemeldingar 55 dv.

Fleire av dei tilsette gjennomfører vidareutdanning. To tilsette har tatt eksamen som autorisert finansiell rådgjevar, og to er klare for siste praktiske prøve i februar 2010. Utdanninga er på høgskulenivå, og blir tilrettelagt gjennom Terra Skolen med ulike modular. Heile leiargruppa har gjennomført kurset "Positiv og løsningsorientert ledelse" som er tilrettelagt gjennom Høgskulen i Gjøvik for Terra Skolen. Kompetanse vil vera eit viktig område ein må satse på også framover.

Styret har hatt 12 ordinære møte i 2009. I styret sit det 6 personar, 2 kvinner og 4 menn. I tillegg har tilsette sin vararepresentant, som er kvinne, møterett. Banksjef møter fast og førebur saker og skriv møtereferat, men er ikkje medlem av styret.

Banken har verneombod. Det er kort kommunikasjonsline for verneombod og tillitsvalde til leiinga i banken, og ein legg opp til å drøfte ting som oppstår raskt og løsningsorientert. Banken sitt sikkerheitsutstyr og rutinar har verka som føresett gjennom året. Ein vurderer fortløpende behov for oppgradering, og det er rutinar for kontroll og vedlikehald av installerte sikkerheitssystem.

Bø Sparebank forureinar ikkje det ytre miljøet, og har ikkje drive noko forskings- eller utviklingsverksemid i 2009. Banken driv si verksemid med same retningsliner overfor alle kundar og forretningspartnerar, og driv ikkje nokon form for diskriminering.

Honorar til styremedlemmer var for 2009 kr. 260.000. Medlemmer av kontrollkomiteen mottok kr. 30.000, og leiar i Forstandarskapet kr. 12.000. Honorar til medlemmer av Forstandarskapet var kr. 1.000 pr. møte.

UTSIKTENE FRAMOVER

Rekneskapet er utarbeidd etter føresetnader om at drifta held fram, og styret vurderer utsiktene for vidare drift av banken som gode. I budsjettet for 2010 har styret budsjettert med ein utlånsvekst på 3 % og innskotsvekst på 5 %. Dette er basera på utsiktene for norsk økonomi og verdsøkonomien, samt lokal konkurranse og eigne målsettingar. Ein forventar eit ytterlegare fall i rentenettoen, og budsjetterar med 2 % i 2010. Styret meiner banken har god kostnadskontroll. Finanskrisa har ført til ein del usikkerheit knytt til tap på utlån, men styret meiner vi har gode reserver for å møte eventuelt større utfordringar på dette området. Ein forventar ein meir "normalsituasjon" når det gjeld utlånstap, og har tatt høgde for dette i nedskrivningar i 2009, og budsjett for 2010.

Styret evaluerer strategidokumentet fortløpende, og har hatt eit to dagars seminar i 2009 der ein har evaluert situasjonen og sett framover. Dette vil styret følgje opp vidare.

Strategidokumentet legg grunnlag for all verksemid og planverk i banken.

Banken ser utfordringar med å vera liten i høve til krav til kompetanse på alle område på eige hus. Gjennom Terra og andre samarbeidsformer ønskjer ein å bygge relasjonar og effektive nettverk for å hjelpe oss til å dekke dei behov og krav kundar og myndigheiter set til oss.

Gjennom opplæringstiltak og program for medarbeidarutvikling har banken stort fokus på å oppgradere og vedlikehalde kompetansen hos våre tilsette.

TAKK

Styret vil til slutt takke kvar enkelt tilsett og dei tillitsvalde i banken for godt utført arbeid og eit positivt samarbeid i året som er gått. Vidare vil ein også takke samarbeidspartnarar, leverandørar og forbindelsar for eit godt samarbeid. Styret vil også takke kundane våre for den oppslutning og tillit dei viser banken. Gjennom oppslutning om lokalbanken og felles innsats i lokalmiljøet, kan vi saman bidra til ei positiv utvikling av bygda og distriktet.

Bø i Telemark, 31.12.09 / 08.02.2010

I styret for Bø Sparebank



Trygve Myrene
Styreleiar




Geir Helge Espedalen
Geir Helge Espedalen
Nestleiar




Reidun Haugerud Moen




Gunn Anita Stenstad
Gunn Anita Stenstad



Per M. Isaksen



Augon Eika
Tilsettes representant



Halgeir Kaasa
Banksjef

BØ SPAREBANK - RESULTATREKNESKAP
2009
2008
RENTEINNTEKTER OG ANDRE LIKNANDE INNTEKTER

Renter og liknande av utlån/fordringar på kred.inst.	2.410.462	4.576.403
Renter og liknande av utlån til og fordringar kundar	76.320.616	107.044.213
Renter og liknande av sertifikat, obl. og andre verdipapir	2.904.547	4.627.205
Andre renteinntekter og lignende	902	81.636.527

RENTEKOSTNADER OG LIKNANDE KOSTNADER

Renter og liknande kostn. på gjeld til kr.inst.	4.839.301	9.836.570
Renter og liknande kostn. på innsk. frå/til kundar	26.240.913	53.798.695
Renter og liknande kostn. på utst.vp.	12.470.155	13.925.268
Renter og liknande kostn. på ansv. Låneka	1.440.059	2.716.754
Andre rentekostnader og lignende kostnader	860.452	45.850.880

NETTO RENTE OG KREDITTPROVISJONSINNTEKTER
35.785.647
35.733.089
UTBYTTE OG ANDRE INNT. AV VP. MED VAR. AVK.

Innt. av aksjar og andre vp. med var. avk.	49.470	49.470	1.613.827	1.613.827
--	--------	--------	-----------	-----------

PROV. INNTEKTER OG INNT. FRÅ BANKTENESTER

Garantiprovisjon	179.984	161.052
Andre gebyr og provisjonsinntekter	5.351.527	5.531.511

PROV. KOSTNADER OG KOSTN. V/BANKTENESTER

Andre gebyr og provisjonskostnader	(Note 11)	1.588.904	1.588.904	1.570.309	1.570.309
------------------------------------	-----------	-----------	-----------	-----------	-----------

NETTO GEVIST/TAP AV VALUTA OG VP.

Nto. gev./tap på sertifikat, obl. og andre verdipapir	4.032.430	(5.167.000)
Nto. gev./tap på aksjar og andre verdipapir	497.864	
Nto. gev./tap på valuta	67.828	4.598.122

ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Andre driftsinntekter	784.701	784.701	9.292	9.292
Netto andre driftsinntekter		9.374.900		1.225.148
Sum driftsinntekter		45.160.547		36.958.237

LØNN OG GENERELLE ADMINISTRASJONSKOSTN.

Lønn	8.544.157	7.731.871
Pensjonar	(Note 3E) 1.242.770	1.110.985
Sosiale kostnader		1.211.833
Administrasjonskostnader	(Note 11) 7.321.458	7.919.936

AVSKRIVNINGAR M.M.

Ordinære avskrivningar	338.175	338.175	1.450.086	1.450.086
------------------------	---------	---------	-----------	-----------

ANDRE DRIFTSKOSTNADER

Andre driftskostnader	3.263.672	3.263.672	0	0
Sum driftskostnader		21.922.065		22.679.336

Driftsresultat før tap
23.238.482
14.278.901
TAP PÅ UTLÅN, GARANTIAR M.M.

Tap på utlån	(Note 2D) 5.514.338	4.657.429
Tap på garantier m.v.	51.274	5.565.612

NEDSKR. OG GEV./TAP PÅ LANGS VP.

Nedskrivning/reversering av nedskrivning				(3.406.827)
Gevinst/tap	189.065	189.065		72.309
				(3.334.518)

SKATT PÅ ORDINÆRT RESULTAT	<i>(Note 16)</i>	5.208.847	5.208.847	2.752.851	2.752.851
-----------------------------------	------------------	-----------	-----------	-----------	-----------

RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT		12.653.088		3.534.103	
--	--	-------------------	--	------------------	--

EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER		0		0	
---------------------------------	--	----------	--	----------	--

RESULTAT FOR REGNSKAPSÅRET	2009	12.653.088		3.534.103	
-----------------------------------	-------------	-------------------	--	------------------	--

OPPSKR., OVF. FRÅ EK. OG DISPONERING

Overført fra gåvefond	(Note 13A)	(200.000)	
Overf.gåver/el.gåvefond		500.000	250.000
Ovf. til sparebankens fond	(Note 13A)	12.353.088	3.284.103

SUM DISPONERT		12.653.088		3.534.103	
----------------------	--	-------------------	--	------------------	--

BØ SPAREBANK - BALANSE

E I G N E L U T A R	2009	2008
Kontantar og fordringar på sentralbankar	97.977.729	45.779.208
SUM KONTANTAR OG FORDR. PÅ SENTR.BANKAR	97.977.729	45.779.208
Utlån til og fordringar på kr. inst. utan løpetid	20.304.987	15.495.169
Utlån til og fordringar på kr. inst.med avtalt løpetid	0	0
SUM NETTO UTLÅN OG FORDR. PÅ KRED.INST.	20.304.987	15.495.169
Kasse-/drifts- og brukskredittar	211.329.676	203.918.897
Byggelån	28.574.391	19.145.661
Nedbetalingslån	1.298.470.413	1.254.008.278
Sum utlån og fordringer på kunder, før nedskr.	1.538.374.480	1.477.072.836
-Individuelle nedskrivninger på utlån	(Note 2a) (7.855.000)	(5.502.000)
-Nedskrivninger på grupper av utlån	(Note 2a) (11.700.000)	(9.500.000)
NETTO UTLÅN OG FORDRINGAR PÅ KUNDAR	1.518.819.480	1.462.070.836
Sertifikat og obligasjoner, offentleg	9.810.700	14.800.000
Sertifikat og obligasjoner, andre	52.844.730	65.823.000
SUM SERTIFIKAT, OBL. OG ANDRE RENTEB. VP. (Note 5)	62.655.430	80.623.000
Aksjar, andelar og grunnfondsbevis	(Note 4) 22.042.806	22.258.332
SUM AKSJAR (og andre VP med var. avkast.)	22.042.806	22.258.332
Eigarinteresser i andre konsernselskap	10.266.000	10.266.000
SUM EIGARINTERESSER I KONSERN SELSKAP	10.266.000	10.266.000
Utsatt skattefordel	(Note 16) 1.314.644	1.598.252
Andre immaterielle eiendeler	0	0
SUM IMMATERIELLE VERDIAR	1.314.644	1.598.252
Maskinar, inventar og transportmidlar	(Note 6) 389.922	674.222
Bygningar og andre faste eigedomar	(Note 6) 75.000	105.000
SUM VARIGE DRIFTS MIDLAR	464.922	779.222
Andre eignelutar	1.531.035	6.898.627
SUM ANDRE EIGNELUTAR	1.531.035	6.898.627
Opptj. ikkje bet. innt. og forsk.b. ikkje pål.	2.786.829	5.554.373
Overfinansiering av pensjonsforpl.	(Note 3E) 3.703.819	3.724.140
Andre forskuddsbet., ikkje pål. Kostnader	2.321.750	1.407.165
SUM FORSK. BETALINGER OG OPPT. INNTEKTER	8.812.398	10.685.678
SUM E I G N E L U T A R	1.744.189.431	1.656.454.324

GJELD OG EIGENKAPITAL
2009
2008
GJELD



Uten avtalt løpetid eller oppsig.frist		2.214.800	2.369.487
Lån og innskot frå kr. inst. m/avt. løpetid		169.000.000	143.999.900
SUM GJELD TIL KREDITT-INSTITUSJONAR		171.214.800	146.369.387
Innsk. frå og gjeld til kundar u/avtalt løpetid		1.096.932.259	1.068.509.017
Innsk. frå og gjeld til kundar m/avtalt løpetid		27.984.051	26.743.902
SUM INNSKUDD FRÅ OG GJELD TIL KUNDAR		1.124.916.310	1.095.252.919
Obligasjonsgjeld	(Note 19)	240.000.000	215.000.000
SUM GJELD STIFTA VED VERDIPAPIR		240.000.000	215.000.000
		1.536.131.110	1.456.622.306
Anna gjeld		6.550.948	11.152.434
SUM ANNA GJELD		6.550.948	11.152.434
Pål. ikke forf. kostn. og innb. ikke oppkj.		4.613.819	4.523.881
SUM PÅL.KOSTN. OG FORSK. BET INNTEKTER		4.613.819	4.523.881
Pensjonsforpliktingar	(Note 3)	3.321.150	2.820.386
Utsatt skatt			
Andre avsetningar		359.828	275.828
SUM AVSETNINGAR TIL FORPL. OG KOSTNADER		3.680.978	3.096.214
Ansvarleg lånekapital			
Annen ansvarleg lånekapital	(Note 14)	35.000.000	35.000.000
SUM ANSVARLEG LÅNEKAPITAL		35.000.000	35.000.000
SUM GJELD		1.585.976.855	1.510.394.835

EIGENKAPITAL


Sparebankens fond	(Note 13A)	157.737.576	145.384.489
SUM BUNDNE FOND		157.737.576	145.384.489
Gåvefond	(Note 13A)	475.000	675.000
Jubileumsfond		0	0
SUM FRIE FOND/UDISP. OVERSK. ELLER TAP		475.000	675.000
SUM EIGENKAPITAL		158.212.576	146.059.489
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		1.744.189.431	1.656.454.324


BETINGA FORPLIKTINGAR

Garantiansvar	(Note 15)	22.344.849	18.138.378
---------------	-----------	------------	------------

Styret for Bø Sparebank, 3800 Bø,

 Trygve Myrene
 Leiar

 Geir Helge Espedalen
 Nestleiar

 Reidun Haugerud Moen

31.desember 2009
8.februar 2010

 Per M. Isaksen


 Gunn Anita Stenstad


 Augon Eika

 Halgeir Kaasa
 banksjef

NOTER TIL ÅRSREGNSKAP 2009 BØ SPAREBANK

NOTE 1. REGNSKAPSPrINSIPPER

Generelt

Bankens årsregnskap er utarbeidet i overensstemmelse med gjeldende lover og regler fastsatt i regnskapslov, forskrift om årsregnskap for banker og god regnskapskikk.

Det er under regnskapsprinsipper eller den enkelte note til regnskapet redegjort nærmere for de benyttede prinsipper.

Alle beløp i notene er oppgitt i hele 1000 kroner så sant det ikke spesifikt er angitt noe annet. Der det i teksten forekommer tall i parentes angir dette tallene for foregående år.

Periodisering av renter, gebyrer og provisjoner

Renter og provisjoner tas inn i resultatregnskapet etter hvert som disse opptjenes som inntekter eller påløper som kostnader. Gebyrer som er direkte betaling for utførte tjenester tas til inntekt når de betales. Etableringsgebyrene vurderes å dekke de direkte kostnader som påløper ved opprettelse av lånetjenesten og periodiseres derfor ikke.

Inntektsføring / kostnadsføring

Forskuddsbetalte renter ved slutten av året blir periodisert og ført som gjeld i balansen. Opptjente, ikke betalte inntekter ved slutten av året blir inntektsført og oppført som tilgodehavende i balansen. Aksjeutbytte blir inntektsført det året det mottas.

Eiendeler og gjeld i utenlandsk valuta og omregningsregler for valuta

Bankes fordringer og gjeld i utenlandsk valuta er i regnskapet omregnet til norske kroner etter kurser på balansedagen. Inntekter og kostnader i valuta er omregnet til norske kroner etter kursene på transaksjonstidspunktet. Ordinære valutaposter er ikke sikret ved sikringsforretninger utenfor balansen.

Finansielle instrumenter

Bankens finansielle instrumenter er delt opp i:

- A Omløpspapirer. Det vil si sertifikater, obligasjoner, grunnfondsbevis og aksjer som holdes som kortsiktige plasseringer.
- B Anleggspapirer. Det vil si øvrige verdipapirer som holdes ut fra strategiske og andre hensyn i varig eie.

Med bakgrunn i Regnskapslovens § 5-8 er beholdningen av børsnoterte grunnfondsbevis og aksjer som anses som omløpsmidler klassifisert som handelsportefølje slik at verdien av det enkelte papir er vurdert til markedsverdi. De øvrige omløpspapirer er vurdert etter ”laveste verdis prinsipp” det vil si at de er balanseført til laveste verdi av anskaffelsesverdi (oppriinnelig kostverdi) eller markedsverdi.

Obligasjoner som er anskaffet for å sikre de krav som lovverket setter til bankens likviditet og /eller som er stillet som sikkerhet for lånecoptak i Norges Bank klassifiseres som omløpsmidler og er vurdert til det som er laveste av kostpris eller markedsverdi.

Aksjer og grunnfondsbevis til varig eie er klassifisert som anleggsmidler og er vurdert til anskaffelseskost. Aksjene blir nedskrevet dersom verdien er vesentlig lavere enn bokført verdi, og verdinedgangen skyldes forhold som ikke er av forbigående art.

Varige driftsmidler og avskrivinger av disse

Generelt

Faste eiendommer og andre varige driftsmidler blir ført i balansen til anskaffelseskost, fratrukket akkumulerte ordinære avskrivinger. Ordinære avskrivinger er basert på kostpris og avskrivinger er fordelt lineært over driftsmidlenes økonomiske løpetid. Er den virkelige verdi av et driftsmiddel vurdert til å være vesentlig lavere enn den bokførte verdi, og verdinedgangen ikke kan forventes å være av forbigående art, blir det foretatt nedskriving til virkelig verdi.

Maskiner, inventar og faste installasjoner

Alle slike investeringer er aktivert og avskrevet i henhold til reglene om regnskapsskikk. Årlige avskrivinger er 20-30%.

Immaterielle eiendeler

Balanseførte immaterielle eiendeler gjelder aktiverte kostnader i forbindelse med bytte av dataleverandør.

NOTE 2. UTLÅN OG GARANTIER TIL KUNDER

2A – Verdsettelse, beskrivelse, definisjoner

Bankens utlån vurderes i utgangspunktet til pålydende for de lånene som ikke er misligholdte og tapsutsatte. Engasjement defineres som garantier og utlån innbefattet opptjente, men ikke betalte renter, gebyrer og provisjoner.

Banken har fra 01.01.2006 lagt om regnskapsføringen når det gjelder nedskriving av verdien på lån og garantier i henhold til den nye utlånsforskriften. Banken har valgt en forenklet modell for beregning av nedskrivingen.

Modellen bygger på at vi fortsatt har individuelle nedskrivinger på lån som objektive bevis på økt risiko for tap. Det er ikke endret prinsipp for disse nedskrivingene. Samlet nedskriving er økt fra kr 5,5 millioner i 2008 til 7,8 millioner i 2009.

Gruppevise nedskrivinger baserer seg på vurdering av historiske tap på ulike risikoklasser innenfor privat og næring. I 2008 hadde banken gruppevise nedskrivinger på kr 9,5 millioner. Ved utgangen av 2009 utgjør gruppevise nedskrivinger på lån kr 11,7millioner. Samlede avskrivinger utgjør ved årsskiftet kr 19,5 millioner mot kr .15,0. millioner ved utgangen av 2008.

Risikoklassifisering

